

Høyring av verneplan for skog

Modalen naturreservat og Smogåjuvet naturreservat, Tokke kommune




Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
April 2025**

| Innhald | side |
|---|-------------|
| 1. Bakgrunn..... | 3 |
| 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern..... | 3 |
| 3. Heimelsgrunnlag..... | 3 |
| 4. Saksgang og innkomne merknader..... | 4 |
| 5. Verneplanens omfang..... | 10 |
| 6. Faktaark..... | 10 |
| 7. Forslag til verneforskrifter..... | 15 |

Vernekart er lagt ved høringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til vern av to område kalla Modalen og Smogågvjuvet naturreservatar i Tokke kommune. I oppstartsmeldinga var området berre omtala som *Modalen*, men er nå delt som følgje av at nokre av grunneigarane har trekt ut areal. Modalen startar ved kommunesenteret Dalen og følgjer 14 km med lisode vestover til innsjøen Borsæ. Smogågvjuvet startar ved Riplelii og held fram 6 km nordover til Strandstøylvatnet.

Bakgrunnen for forslaget er tilbod frå 30 grunneigarar om frivillig vern av skog. Tilboda kom 3. juni 2020 frå skogeigarforeininga AT Skog. Det vart sendt oppstartsmelding 29. oktober 2021. I ettertid har det vore fleire endringar på avgrensing der området nå er redusert. Vassdraget Djupetjønn med Tekståi er teke ut, og grensa er justera slik at heller ikkje den fråflytta garden Ripilen, eller hytter er med.

Biofokus har i 2021 laga ein rapport som oppsummerar verneverdiane.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenopprette og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfaldslova. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfaldslova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldslova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar.

Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldslova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldslova, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang og innkomne merknader

Formell start på verneplanarbeidet for Modalen vart meld 29.10.2021 med frist 5. desember 2021. Det vart meld oppstart for 28 område samtidig og det kom inn totalt 14 merknader. For Modalen er det referert 11 merknader.

Språkrådet (brev dagsett 17.11.2021) uttaler følgjande: «Våre merknader til dei einskilde namneforslaga følger nedanfor. Nokre av forslaga synest ikkje å vere dekkande for dei foreslåtte naturreservata, og dette er kommentert nedanfor. Det er viktig å finne dekkande namn som samsvarar med lokalitetane, fordi ein status som naturreservat vil innebere at namna blir nytta, ikkje minst skriftleg. 28. Modalen, Tokke kommune Ingen merknader til skrivemåten, men ut frå kartet i SSR er det vanskeleg å sjå kva for utstrekning naturnamnet Modalen har. Det finst òg eit adressenamn Modalen her, men det strekk seg langt nord for verneområdet opp til Mosvatn, altså i ei anna retning enn det foreslåtte verneområdet. Statsforvaltaren bør difor forsikre seg om at det blir rett å nytte namnet Modalen på dette verneområdet.»

Landbruksdirektoratet (dagsett 24.11.2021) ber om at det av høyringsdokumenta må komma fram korleis områda blir brukte i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må takast vare på i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunale landbruksforvaltninga bør involverast i verneprosessen, uttaler direktoratet.

Bane Nor SF (dagsett 02.11.2021) uttalar: Områda som skal vernast ligg langt frå jernbane. Bane NOR har ingen merknader

Forsvarsbygg (dagsett 7.12.2021): «Vi viser til melding om start av verneplanprosess for 28 nye område av frivillig vern av skog i kommunane Drangedal, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Midt-Telemark, Nome, Notodden, Porsgrunn, Seljord, Tinn og Tokke. Forsvarsbygg gjæv høyringsvar i slike saker med det utgangspunktet å ta vare på Forsvarets arealbrukinteresser. Me ser førebels ingen konfliktar med det føreslåtte verneområdet. Me ber likevel om at dei tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Me ber og om at det særskilde unntaket for avgang og landing med Forsvaret luftfartøya sine vert teke med i forskrift, for å ta vare på omsynet til militær luftoperativ verksemd. Me har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget no.»

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (brev dagsett 20.12.2021) er fagorgan og sektorstyresmakt for mineralressursar og mineralverksemd og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i vernesaker. DMF gjev utsegn spesifikt til fire område der Modalen og Smogågvjuvet ikkje inngår. Elles skriv fagorganet: «For dei resterande områda kan ikkje DMF sjå at sektorområdet vårt er rørt, og har ingen merknader til desse.»

Statkraft energi AS: brev dagsett 23.11.21

«Vi viser til ditt brev av 29.10.2021, ref. 2021/10342, med varsel om oppstart av verneplanarbeid for vern av 28 skogsområder i Vestfold og Telemark.

Statkraft har som kjent en omfattende vannkraftutbygging i kommunene Tokke og Vinje som berører ulike vann og vassdrag - «Tokke-utbyggingen.»

Vi har ingen innvendinger til det varslede skogvernet, men det er viktig for oss at våre interesser og rettigheter i forhold til vannkraftanleggene blir ivaretatt på en forsvarlig og god måte, både når det gjelder avgrensing av verneområdet og evt. om nødvendig også i verneforskriften.

Verneområde nr. 28; Modalen i Tokke kommune:

Ved Strandstøylsdalsvatn har vi en sperredam som regulerer vassdraget Smogågvjuvet. Dette er en eldre fyllingsdam med overløp/terskel av betong.

Det er viktig for oss at grensen for verneområdet legges i god avstand til sperredammen og adkomsten til denne. Det må også være plass til å utføre både løpende vedlikehold og større anleggsarbeid - f.eks. ved en rehabilitering / ombygging av dammen.

Smogågvjuvet-vassdraget er som nevnt regulert, men vi minner likevel om at vassdraget i en flomsituasjon kan gå med uregulert flomvannføring. Dersom det er behov for nærmere informasjon om dammen ved Strandstøylsdalsvatn og forhold rundt denne, ber vi dere ta kontakt med kraftverkssjef Hallgeir Kleiv i Dalen, tlf. +47 905 78 692.»

Statnett SF e-post dagsett 16.12.2021:

«Det blir vist til melding om oppstart av verneplanprosess - Frivillig skogvern på privat grunn - 28 område i Telemark. Statnett har ikkje transmissjonsnettanlegg som blir ramma av planane og har derfor ingen merknader.»

Heibøai kraftverk/Vest-Telemark kraftlag brev dagsett 14.12.2021

«Heibøai kraftverk AS er eit aksjeselskap 100 % eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS.

Heibøai Kraftverk AS fekk 11.05.2016 konsesjon for utbygging av Heibøai kraftverk i Tokke kommune og har søkt NVE om forlenga byggefrist fram til 2026 (søknadsbrev om dette ligg vedlagt.

Kraftverket har inntak i Heibøåi ved kote 635 og vil gå i bora tunnel ned til ca. kote 400 ved Bjønnemyr. Derifra vil tilløpsrøret bli graven ned til kraftstasjonen ved kote 95 på Vistad. Minstevassføringa i elva vil vera 10 l/sek. Vedtaksbrev frå NVE av 11.05.2016 og fig. 1 (s.25 i vedlegg til vedtaksbrevet) ligg vedlagt.

I brevet av 29.10.2021 der De melder om oppstart av verneplanprosess for friviljug skogvern, bl.a. for Modalen i Tokke, går det fram at vår konsesjon ligg i det omtalte området. Slik me tyder kartvedlegget, er det teke omsyn til at Heibøåi kraftverk ikkje blir berørt, i og med at det verna området er avgrensa til den delen av tilløpsrøret som er bora.

Me vil likevel krevje at det friviljuge vernet ikkje må vera til skade for det konsesjonsgjevne kraftverket i Heibøåi.»

Skafså kraftverk ANS brev dagsett 13.12.2021

«Viser til varsel av 29.10.2021 publisert på statsforvalterens hjemmeside der det varsles om planer for verving av skog. Skafså Kraftverk har konsesjon for regulering av vannmagasinene Urvatn og Borsæ i forbindelse med drift av kraftverk øverst i Arendalsvassdraget. Vi har derfor interesser i området Modalen, som er et av områdene det varsles om.

Området som er avtegnet i vemeplanen går opp og grenser mot Borsæ hvor vi har fire sperredammer. Det er viktig at evt. vemeplan ikke kommer i konflikt med konsesjonen og den aktivitet vi har i forbindelse med drift og vedlikehold av våre anlegg. Området i Borsæ magasinet, opp til HRV + 1 meter dvs kote høyde 757,13, bes da holdes utenfor vemeplan. Steinuttak og det areal som er dekt av damkropper inklusiv minimum 10 meter klaring nedstrøms og sideveis må også holdes utenfor vemeplan, da det kan bli aktuelt med anleggsarbeid i forbindelse med vedlikehold (se vedlagt skisse).

Vi bidrar gjerne med ytterligere informasjon om det er behov for det.»

Birdlife Noreg avdeling Telemark. Brev dagsett 14.12.2021)

Foreininga gir fyrst ei skildring av organisasjonen. Dei er opptekne av at kartleggingsprosessen fram til endeleg vern av skogsområde må inkludera kartlegging av fuglelivet i dei aktuelle områda. Dei skriv m.a. følgjande;

«Et annet aspekt er at når man har feltarbeid for å påvise en del av de andre artsgruppene, så som lav, sopp, karplanter og biller, så krever dette så stor oppmerksomhet at det ofte kan bli vanskelig å få med seg det fuglelivet som må være i området med mindre man har dedikert personell til stede. Sett bort i fra mangelfull kartlegging av fugleliv er BirdLife Telemark positive til frivillig vern av skog. Men det betyr ikke automatisk at alle områdene som blir foreslått for vern er like godt egnet til dette vernet. Det er viktig at de områdene blir satt av til frivillig vern er av en slik verdi at det føles viktig å verne områdene. Når det er et mål at 10% av skogen i landet vårt skal vernes så er det viktig at skogen har stor nok verdi til å forsvare et vern, og at ressurser ikke går med på vern av områder som er av lav verdi for biologisk mangfold. Ettersom grunneiere får kompensasjon for å avgi et område til frivillig vern samt at det finnes begrensede midler til dette, så bør man også være tilbakeholdende med å verne områder uten så store verneverdier. BirdLife Telemark foreslår at de områdene som kun har lokal verneverdi (område 3, 5, 8, 9, 21 og 25) går ut av planene for frivillig vern og at de midlene som skulle blitt brukt til dette heller brukes ved en annen anledning når man får tilbud om områder som har høyere verneverdi. Videre foreslår vi at områdene som har regional verneverdi blir fredet. Først og fremst innenfor de områdene som kartleggerne har vurdert som verneverdig, men i tillegg at man også tillater at et område rundt blir vernet som en fornuftig buffersone for de verneverdige områdene. Dette gjelder områdene; 2, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23 og 27. Samtlige av de foreslåtte områder som har nasjonal eller internasjonal

verneverdi bør bli vernet innenfor de rammene som er lagt. Optimalt sett bør vern også på sikt innebære redusert omfang av jakt, spesielt på rødlistede arter.»

Naturvernforbundet Midt-Telemark brev dagsett 15.12.2021. Forbundet har generelle utsegn og to spesifikke. Modalen inngår ikkje i sistnemnde.

«Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforslaga som nå ligg ute, viker i påfallande grad frå fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderingar er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle betydeleg meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må leggje vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndigheitenes vernearbeid fagleg sett er forsvarleg.»

STATSFORVALTARENS KOMMENTARAR TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Språkrådet bed Statsforvaltaren «forsikre seg om at det blir rett å nytte namnet Modalen på verneområdet når berre verneområdet fylgjer Modalen dei fyrste kilometrane, og ikkje helt fram til Mo og Mosvatn». Å finne eit passeleg namn på eit område som strekkjer seg som eit belte over 13 km kan være vanskeleg. Austre området blir på 8550 daa og her er det ikkje eit felles namn som står på kart. Statsforvaltaren har forsikra seg om at dalføret blir omtala som Modalen. Andre namn i området er Tekslensosi, Skarstøylnut, Helberget, Vikanibba og Skafsåberget. Ingen av dei andre namna er namn på nokre større landformasjonar i den lange dalsida. Statsforvaltaren er innstilt på å behalde namnet Modalen på det austre området, men er open for andre namneforslag i høyringa. Vestre området blir på 6084 daa og kan heita Smogågvjuvet etter elva som går gjennom området. Dette er eit namn som er nytta på kart.

Når det gjeld uttalen frå Landbruksdirektoratet, så vil vi påpeike at det ikkje er støl/seterområder innanfor områda som nå blir foreslått verna. Men skulle det være aktuelt med beitedyr her, er det tatt høgd for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

Til merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentera at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Statkraft Energi AS har regulert elva Smågåi ved ein dam ved Strandstøylsdalsvatn, og peiker på at det er viktig for dei at grensa for verneområdet leggjast i god avstand til sperredammen og tilkomma til denne. Det er ingen traktorveg som går inn til demninga i dag. Då den vart bygd, går det fram av gamle flybilete at tilkomma kan ha vore frå nordsida av Strandstøylvatnet. I samband med saka har Statsforvaltaren vore i kontakt med kraftverksjefen og “Kravverksgruppe Tokke” hjå Statkraft energi AS. I epost av 25.11.24 skriv dei om planar for rehabilitering av demninga i 2026 der ein må rekke med:

- Bruk av flåte for å frakte utstyr frå parkeringsplass til anleggsområde
- Moglegheit for å belte inn maskiner/utstyr langs strandkanten
- Helikopterlandeplass
- Oppstilling av container for lagring av verktøy

- Lagring av materialar og armeringsjern
- Luftkompressor
- Oppstillingsplass for minegraver/ minidumper
- Mannskapsbrakke

Statsforvaltaren har sendt over ein skisse der eit område frå utløpet ned til demninga vert grensa ut. Statkraft skriv dei er svært positive til ein slik løysing. I området som er foreslått grensa ut, finst det ikkje registrert verneverdiar. I høyringskartet inngår nemnde forslag.

Heibøai kraftverk/Vest-Telemark kraftlag: Anlegget til kraftverket skulle i sin heilskap ligge utanfor det planlagde verneområdet, men 70 % av årleg vassføring skulle i rør. Anlegget er ikkje bygd innanfor byggefrist 11.05.2021 og NVE ga ikkje kraftlaget utvida byggefrist slik dei søkte om. Konesjonen er difor gått ut. Dette stadfesta Aslak Ofte i kraftlaget og kjem fram i NVE sitt brev 11.10.2024 (ref 200904058-46).

NVE sitt vedtak:

«NVE har på grunnlag av den nye kunnskapen om biologisk mangfald gjort ei konkret vurdering på om Heibøai kraftverk kan få forlengd byggjefrist. NVE kan ikkje sjå at det finst avbøtande tiltak som i tilstrekkeleg grad kan redusere ulempene for naturmangfaldet, utan at dei går vesentleg utover samfunnsnytta til prosjektet. NVE meiner at det ligg tungtvegande omsyn føre som tilseier at søknaden om forlengd byggjefrist for Heibøai kraftverk må avslåast. I medhald av vannressursloven §§ 27 og 19 andre ledd, og vassdragsreguleringsloven § 15, avslår NVE søknaden om forlengd byggjefrist.»

Skafså kraftverk. Sidan oppstartsmeldinga i 2021, har grunneigarane trekt ut areal som grensa til dei regulerte vatna Borsæ og Folurdvatn. Statsforvaltaren meiner difor at kraftverkets interesser ikkje lenger vert ramma av verneplanane.

Til uttala frå Birdlife avdeling Telemark vil Statsforvaltaren opplysa om at det som ein del av prosessen med frivillig vern av skog blir utarbeidd ein rapport over naturverdiar i samsvar med den metodikken som Miljødirektoratet har bestemt. Kartleggjarane er biologar med kompetanse på fleire artsgrupper, også fugl. Det skal nemnast at under ordninga supplerande vern som ikkje omfattar frivillig vern av skogområde i utgangspunktet, jobbar vernestyresmaktene m.a. med våtmarker der fuglearter har eit særleg fokus. Organisasjonen har foreslått å trekkja ut nokre av områda som berre er vurderte til lokal verneverdi, og i denne samanhengen registrer me at dette ikkje gjeld Modalen eller Smogågjuvet. Når det gjeld ønsket om å avgrensa jakt på raudlista artar, er vernepolitikken slik at grunneigar beheld jaktretten i naturreservatet med mindre forskrifta avgrensar dette. For skogreservat blir jaktmoglegheita for grunneigar vidareført. Organisasjonen foreslår å leggja til ei buffersone rundt sjølve området som skal bli reservat. Det har me ikkje høve til. Statsforvaltaren må forhalda seg til det arealet grunneigar har tilbode for vern. Difor må verneområde vera så robuste at dei toler at tilgrensande eigedommar kan forvalta skogressursane sine.

Naturvernforbundet Midt-Telemark. Innspelet er frå 2021, og vernestyresmaktene vurderer tilbod langt strengare no enn tidlegare. Mange tilbod vart takka nei til ut frå låge løyve til ordninga med frivillig vern, og er ikkje vidareført. Område med bestandsskogbruk vert grensa ut dersom det ikkje ligg omgitt av verneverdig skog.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring. Målet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringa, kommentera eventuelle utsegner og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter skrive innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. Res. av Kongen i statsråd.



Gården Ripilen med lisidene til verneområdet Modalen på høgre side i biletet. Foto: Rune Nordeide

5. Verneplanens omfang

| Namn | Kommune | Tal på grunneigarar | Totalareal | Verneverdi |
|------------|---------|---------------------|------------|----------------|
| Modalen | Tokke | 18 | 8 550 | Nasjonal (***) |
| Smogåjuvet | Tokke | 14 | 6 084 | Nasjonal (***) |

6. Faktaark

| | |
|-------------------|---|
| LOKALITET: | Modalen og Smogåjuvet |
| KOMMUNE: | Tokke |
| FYLKE: | Telemark |
| VERNEKATEGORI: | Naturreservat |
| AREAL: | Modalen 8 550 daa og Smogåjuvet 6 084 daa |
| HØGDE OVER HAVET: | Modalen 160-884 m.o.h, Smogåjuvet 292- 859 m.o.h. |
| EIGEDOMMAR: | <u>Modalen. Gnr./bnr.:</u> 111/1, 112/2, 114/3, 114/4, 114/9, 114/10, 120/1, 120/2, 120/3, 120/4, 120/6, 120/11, 121/1, 121/2, 121/3, 121/4, 122/1, 123/1, |
| | <u>Smogåjuvet: Gnr./bnr.:</u> 99/1, 100/1, 100/2, 101/1, 106/1, 106/2, 106/3, 107/1, 107/2, 109/1, 110/1, 110/2, 111/1, 112/2. |



Utsyn frå Nystøylnuten over Smogåjuvet og Ånefjell.

Foto: Terje Blindheim

Faktaarka for tilbodsområdet Modalen og Smogåjuvet er frå 2021. Etter det har grunneigarane teke ut eit større området i Riplelii mellom Nystøyl og Ripilen slik at det no er to separate tilbodsområder. Det var ikkje registrert særskilde verneverdiar i området som er

teke ut, men bekkekløfta Tekslåi er no utanfor. Sidan faktagrunnlaget er skriva medan det var eit område, vert Modalen og Smogågvjuvet skildra som eit område i følgjande tekst. Rapporten er skriva på bokmål frå kartleggarane si side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

OMRÅDESKILDRING

Området ligger i sin helhet i Tokke kommune i Telemark og strekker seg fra Dalen sentrum i øst og ca. 15 kilometer vestover langs elva Dalåi. Området utgjør nordvendte dalsider inn til Ripilen, men vest for Ripilen inngår også sørvendte lisider. I tillegg inngår fjellskogsområder rundt Ripilen. Området har stor topografisk variasjon både på landskapsnivå og lokalt. Det er en stor hoveddal som danner nord og sørvendte lisider og berg, samt sidekløfter til disse og variert, men noe roligere topograf i høyereliggende deler. Det går en rekke bergartstyper i smale til breie bånd på tvers av dalføret. Sandstein, amfibolitt, ryolitt, grønnstein veksler øst for Ripilen, mens det i de vestre delene har en større andel med granittisk gneis. Avhengig av overlaging av løsmasser, forvitring og utvasking har hele området innslag av både fattig og rik vegetasjon, men det er helt klart en større andel rik vegetasjon øst for Ripilen.

Det er utført kartlegging av MiS figurer i deler av undersøkelsesområdet som en del av skgbruksplanlegginga. Området er kartlagt for naturtyper etter metodikk DN håndbok 13 i forbindelse med regionale kartlegginger av bekkekløfter i 2008 og edelløvsog i 2009-2010. Disse kartleggingene er supplert med nye lokaliteter fra 2020 slik at det er avgrensa 18 kjerneområder innenfor undersøkelsesområdet. 11 av disse er gitt verdi som svært viktig (A) mens de resterende 7 er gitt verdi som viktig (B).

Noreg er delt inn i 7 bioklimatiske seksjoner der områda ligger i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon O1. 10% av område ligg i sørboreal vegetasjonszone, 50% i mellomboreal og 40 % i nordboreal.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Store deler av området i den lange nordvendte lisida er dominert av blåbærskog og svak lågurtskog. Innimellom finnes rikere arealer med både lågurtskog og høgstaudeskog. De rikeste arealene ser ut til å være konsentrert i de nedre delene av liene. Dette skyldes et mektig løsmassedekke som strekker seg langt opp i lisidene. De sørvendte og lavtliggende delene av området preges av varmekjær og rik vegetasjon. Oppe i høyden er vegetasjonen gjennomgående noe fattigere, men gjerne med et litt mer humid preg.

Skogstrukturen og graden av påvirkning varierer gjennom området, men nokså store deler av området er tydelig påvirket av tidligere tiders plukk- og gjennomhogster. Helt nye hogstingrep finnes bare unntaksvis helt i ytterkanten av området samt på et par steder litt vest i området. Deler av de mest produktive og lettest tilgjengelige liene ble trolig mer eller mindre flatehogget på 1950- eller 1960 tallet. Gamle, gjengrodde driftsveier oppe i liene og tydelige felter med yngre skog vises på flybilder fra 1970-tallet

Siden produktiviteten er god på løsmassene i store deler av den lange nordvendte lia, har skogen kommet nokså raskt opp igjen etter hogst. Særlig i blandingsskogsmiljøer vil forekomst av mange ulike treslag føre til at skogen ganske raskt framstår som sjiktet. Produksjonen av dødved er foreløpig ganske liten i store deler av lia, men i flere av kjerneområdene og enkelte steder ellers finnes til dels rikelig med dødved. Det finnes dødved av alle treslag, men gran er overrepresentert. Læger i tidlige og midlere stadier er vanligst, men stedvis finnes læger også i senere nedbrytningsstadier. I store deler av området vil

mengden dødved øke ganske betydelig de neste tiårene. Det finnes store arealer med eldre, men nokså strukturfattig skog på god bonitet, og i disse miljøene dannes dødved raskt. Den nordvendte beliggenheten i en bratt li skaper humide forhold i store deler av området. Dette gjør at en større andel av lægrene klarer å holde på fuktigheten gjennom nedbrytningsprosessen enn de vil gjort i en tørr, sørvendt li. Dette gjør stokkene egnet for et ganske stort mangfold av vedboende organismer.

De eldste trærne finnes hovedsakelig i de skrinne delene av området. Den langsomme omsetningen gjør at det heller ikke her finnes så veldig mye dødved. Med unntak av spredte elementer, stammer det meste av dødveden i de høyereliggende delene fra en stormfelling for noen tiår siden. Disse stormfelte trærne er ofte samlet i større og mindre vaser i eksponerte deler av området, særlig ut mot "brekket" der liene ned mot Modalen starter. I østlige deler finnes en del spor av styving på eldre almetrær. I midtre og vestre deler er det færre spor etter styving og edelløvtrærne forekommer mer som slanke og høyreiste. Det finnes noe dødved av alle treslagene, men stedvis kan dette skyldes ustabilitet i større gran enn høy alder på trærne. En del edelløvstrær er imidlertid såpass gamle at epifyttfloraen er godt utviklet.

VERNEINTERESSER

Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå *Norsk rødliste for arter 2021* hjå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

Til saman er det påvist 40 raudlisteartar. Desse spreier seg med 6 sterkt trua EN, 13 sårbar VU, 21 nær trua NT. Dei sjeldne og trua artane finnes i ulike habitat og i mange artsgrupper. Desse fordeler seg på jord- og vedboande sopp, moser, lav og karplantar.

Naturtypar

Store deler av området i den lange nordvendte lisida er dominert av blåbærskog og svak lågurtskog. Innimellom finnes rikere arealer med både lågurtskog og høgstaudeskog. De rikaste arealene ser ut til å være konsentrert i de nedre delene av liene. Dette skyldes et mektig løsmassedekke som strekker seg langt opp i lisidene. De sørvendte og lavtliggende delene av området preges av varmekjær og rik vegetasjon. Oppe i høyden er vegetasjonen gjennomgående noe fattigere, men gjerne med et litt mer humid preg.

Området er kartlagt etter *DN-håndbok 13*. Etter dette systemet er det avgrensa 18 områder der 11 A (Svært viktig)-områder og 7 B (Viktig)-områder: I Smågågjuvet finn me 5 naturtypar der 3 A og 2 B. Tilsvarande for Modalen er 13 naturtypar der 8 A og 5 B. Norsk raudliste for naturtypar 2018 er basert på kartleggingssystemet Naturtyper i Norge (NiN). Dessverre er ikkje dei to systema konvertible, og me kan derfor ikkje seie sikkert kor mange av dei registrerte naturtypene etter DN13-metodikken som er raudlistede naturtypar. Men artslista og omtale av naturtypene indikerer at mange av dei ville hatt en raudliste kategori. Det er *frisk rik edellauvskog* og *høgstaudegranskog* som er trua naturtypar.

Modalen og Smågågjuvet vil være eit viktig tilskot til vernearbeidet i Tokke-Bandak området. Avstanden til verneområda langs Tokkeåi og Bandak er ikkje særleg stor, og dei nye områda vil inngå i eit viktig nettverk av verneområde i denne hotspot-regionen. Modalen og **Smogågjuvet vert vurdert å inneha nasjonale og internasjonale kvalitetar (****).**

Områda dekkjer manglar i høve til mangelanalysen for skogvernarbeidet i Norge (Framstad m.f. 2017). Områdene dekker manglar i høg grad både for mangelnaturtypar, generelle manglar (særleg låglandsskog og skog med høg bonitet) og storområder. Total mangeloppfylling vert vurdert som høg. Det er avgrensa fleire lokalitetar med raudlista naturtypar. Det er typane frisk, rik edellauvskog og høgstaudegranskog som er representert.



Dødvedrikt parti nær Skafsåvegen i undersøkingsområdet.

Foto: Torbjørn Høitomt

FØREMÅL

Formålet med forskriften er å bevare eit område som

- a. representerer bestemt type natur i form av bratte lisidar med ein mosaikk av rik edellauvskog og gamal barskog
- b. inneheld trua og sjelden eller sårbar natur som naturtypane frisk rik edellauvskog og høgstaude granskog med trua arter som alm, ask og dødvedsopp
- c. inneheld ein viktig geologisk førekomst i form av ein lang samanhengande liside med mange bekkekløftar.

ANDRE INTERESSER

- Bekken Høgbøåi var omfatta av konsesjon, men NVE ga ikkje utsett byggefrist da kraftlaget søkte.
- Øvre del av Modalen og Smågjuvet ligg i sone for leveområde villrein (kilde: Naturbase)

TEKNISKE INNGREP

Modalen:

- Ved Skafsåvegen vil verneområda grense til vegen og moglegheit for vedlikehald må framgå av verneforskrifta.
- Frå garden Døli til Bakliane går det ein skogsbilveg der moglegheit for vedlikehald må framgå av verneforskrifta.

Smogågjuvet:

- Ved Frolandsvegen vil verneområda grense til vegen og moglegheit for vedlikehald må framgå av verneforskrifta.
- Ved foten av Riplelii og 2 km oppover langs Smogågjuvet er det ein eldre skogbilveg. I samband med utforming av verneforskrifta vert det opna for vedlikehald.
- Strandstøylsdalsvatnet er regulert, og konsesjonen opnar for reguleringshøgde mellom kote 752 og 780. Av 28 meter reguleringshøgde er 18 m oppfylling og 10 m senking i forhold til vatnets opphavlege nivå . Dette framgår av Regulerings- og utbyggingsskjønnet for Tokke-Vinjevassdraget 25. Mars 1965. Statkraft opplyser at *vannstanden i Strandstøylsdalsvatnet er tilnærma fast, grunna utforming av overløpet mot Botnedalen og utløsterskelen i dammen til Smogåi.*
- 200 m nedanfor vatnet ligg det ei demning. Ned til demninga, som er bygd på 1980 tallet, er det ein gamal anleggsveg. Statkraft eig anlegget som er planlagt rusta opp frå 2025. Området er grensa ut av verneområdet for å hindra interessemotsetningar. Det er ikkje registrert verneverdiar i området som er grensa ut.
- Vatnet i Smogåi er ført i tunnel til Botnedalsvatn i nord, og elva har derfor lita vassføring.

PLANSTATUS

Verneforslaget ligg innanfor område avsett til LNF (natur- og friluftsområdet i landbruks-). En del av Smogågjuvet ligg i ein LNF sone kor naturvern dominerer.

MERKNADER

Vernetilbodet er endra etter opphavelig tilbod frå 2020. Grunneigarane har tatt ut eit større området i Riplelii mellom Nystøyl og Ripilen slik at det no er to separate tilbodsområder.

Statsforvaltaren har teke initiativ til å grensa ut eit område mellom Strandstøylvatnet og demninga fordi Statkraft ønskjer å oppgradera anlegget. Dette området ligg i eit “hjørne” av tilbodsområdet, og det er ikkje registrert naturtypar eller artar her.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen under viser skogdata for tilbodsområdet.

| Namn | Total-areal | Produktivt areal i daa | | | | Anna areal i daa | | | | Tilvekst | Volum |
|---------------------|-------------|------------------------|-----------|----------|--------|------------------|-----------|------|------|---------------------|----------------|
| | daa | H (20-23) | M (14-17) | L (6-11) | Sum | Myr | Snaufjell | Vatn | Imp. | m ³ /daa | m ³ |
| Modalen Smogågjuvet | 14 695 | 557 | 3 242 | 9 461 | 13 261 | 780 | 428 | 216 | 11 | 4 580 | |

Skogdataene er levert av AT skog.

LITTERATUR

Lønnve O. J., Olberg S., Thylen A. 2019. *Naturverdier for lokalitet Digernes, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus og Reiso, S. 2021.*
 Blindheim, T. og Høitomt, T. 2021. *Naturverdier for lokalitet Modalen, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.*
 Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>
 Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

7. Forslag til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning.

Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannsposar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav b til rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Vedlegg 1: Forslag til verneforskrift

Forskrift om vern av Modalen naturreservat, Tokke kommune, Telemark

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Formålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer bestemt type natur i form av bratte lisider med ein mosaikk av rik edellauvskog og eldre barskog
- b. inneheld trua og sjeldan eller sårbar natur som naturtypane frisk rik edellauvskog og høgstaude granskog med trua arter som alm, ask og dødvedsopp
- c. inneheld ein viktig geologisk førekomst i form av ein lang samanhengande liside med mange bekkekløftar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. I Tokke kommune: 111/1, 112/2, 114/3, 114/4, 114/9, 114/10, 120/1, 120/2, 120/3, 120/4, 120/6, 120/11, 121/1, 121/2, 121/3, 121/4, 122/1, 123/1, 1, Naturreservatet dekker eit totalareal på 6084 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Tokke kommune, Kviteseid kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved eller på tilrettelagte bålplassar, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande vegar, traktorvegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktliner ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- j. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort og villsvin med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorveg avmerka på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort og villsvin med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- g. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning

- h. naudsynt motorferdsel på traktorveg merka på vernekart i samband for transport av ved, materiale og utstyr til bakanforliggjande eigedom gnr./bnr.1/25 og gnr./bnr 1/26, Flekstveit.
- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f og § 7 bokstav a og d

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2: Forslag til verneforskrift

Forskrift om vern av Smogågvjuvet naturreservat, Tokke kommune, Telemark

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Formålet med forskrifta er å bevare eit område som

- a. representerer bestemt type natur i form av bratte lisider med ein mosaikk av rik edellauvskog og eldre barskog
- b. inneheld trua og sjeldan eller sårbar natur som naturtypane frisk rik edellauvskog og høgstaudegranskog med trua arter som alm, ask og dødvedsopp
- c. inneheld ein viktig geologisk førekomst i form av ein stor bekkekløft.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. I Tokke kommune: 99/1, 100/1, 100/2, 101/1, 106/1, 106/2, 106/3, 107/1, 107/2, 109/1, 110/1, 110/2, 111/1 og 112/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 8550 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Tokke kommune, Kviteseid kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved eller på tilrettelagte bålplassar, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande vegar, traktorvegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktliner ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, ridning og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort og villsvin med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorveg avmerka på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort og villsvin med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- g. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d og f og § 7 bokstav a og d

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.